

Fra: Thor Schønning <thor.schonning@forumarkitekter.no>
Sendt: mandag 11. juni 2018 15.46
Til: Ingrid Didriksen
Kopi: Einar Færø
Emne: Bø barnehage - Spørsmål

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

Hei

I samband med utarbeiding av tilbudsgrunnlag for nye Bø barnehage har me samla nokon spørsmål som me ynskjer tilbakemelding på.

1. Me har registrert tilbygg på nord-austre hjørne av Hordabø skule. Dette tilbygget som me antek inneheld lager til Gymnastikk sal, ligg tett opp til eigedomsgrensa til Bø barnehage. Dette tilbygget var ikkje innteikna på originalkartet som vart nytta til å plassera den nye barnehagen på tomte. Konsekvens av dette er at barnehagen må forskyvast ca. 2M mot nordaust for at avstanden mellom bygga skal verte min. 8M. Det er ikkje noko dramatisk i dette, men me ynskjer å informera dykk om tilhøvet.



2. Renovasjonsløyising. Denne er ikkje innteikna, men me foreslår plassering av avfallsbod nær nord vestre hjørne på tomte. Er det spesielle tilhøve de ynskjer skal takast omsyn til, visst ikkje, tek me ein dialog med NGIR for å avklara krav til dimensjonering.

3. Utvendige bodar: Teikningar syner 2 utvendige bodar som hovudsakleg er meint til oppbevaring av uteleikar. Kva med maskiner og utstyr for skjøtsel av uteområda som til dømes slåmaskin / traktor for snø rydding osv. Skal me teikna inn bod /garasje for slikt utstyr? Det er vel og aktuelt med ein sambruk av slikt utstyr med Hordabø skule. Ein garasje/reiskapsbod kan og sjåast i samanheng med energisentral /energibrønner brønnpark.

4. Skal det installerast oppvaskmaskin i kvar avdeling, eller skal det berre lagast opplegg for mogleg seinare installasjon?
5. Skal det installerast vaskemaskin /tørketrommel på stellerom på avdelingane for småbarn eller skal det berre lagast opplegg for mogleg seinare installasjon?
6. I Allrom 7-01 ; Skal det installerast projektor, lerret og høgtalarar her, eller skal det berre lagast opplegg for mogleg seinare installasjon?
7. I Felleskjøkken 7-02; Er det behov for kjøleskap og fryseskap? Her er Kjølerom 7-05 på 5m².

Med vennlig hilsen

FORUM ARKITEKTER AS

Thor Schønning

partner, siv ark MNAL

web www.forumarkitekter.no
adresse Damsgårdsveien 16 – 5058 Bergen
telefon 55 16 59 00
mobil 40 24 63 08
epost ts@forumarkitekter.no